



Hans Reidar Kjærland og Terje Myklebust - framleis krumtappar i vassverket

**Uskedalens private vassverk har hatt eit nytt, godt driftsår. Det gjekk fram av det som vart opplyst under årsmøtet i skulen i kveld. Årsrekneskapen var gjort opp med eit overskott på 220 322 kroner mot 87 154 året før. Inntektene hadde auka frå 999 263 til 1 150 176 medan driftskostnadane gjekk attende frå 949 602 til 885 142. Laget hadde 595 00 i gjeld ved årsskiftet mot 680 000 eitt år tidlegare. Det var over 400 luteigarar ved årsskiftet. Vassverket skifta i fjor selskapsform til samvirkeforetak**

Det er arbeid mykje med å sjå på tekniske løysingar for fleire nye bustadfelt som vert planlagt. Det gjeld både Ospelunden, Nedre og Øvre Halsabrotet. Ospelunden og Nedre Halsabrotet vert først utbygd saman med Eikelandet.

Styreleiar Hans Reidar Kjærland var tilfreds med dei tekniske løysingane dei hadde kome fram til, til dømes med høgdebasseng i Ospelunden som er naudsynt for å dekke behovet knytt til feltet etter dei fyrste 22 bustadane.

Kjærland og Terje Myklebust står framleis i spissen for vassverket, som i mange år tidlegare. Årsmøtet attvalde Tor Ove Rød og Johannes K. Feet som styremedlemmer og dei som står att i styret er Kjærland, Anne Guri Kildal og Øyvind Sture.

Kjærland orienterte mellom anna om småkraftverkprosjektet i Eikelva der vassverket har uttaket sitt. Det er nokre

utfordringar i samband med dette, til dømes behovet for å halda vatnet reint under utbyggingsperioden.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen